



Saksframlegg

Utval	Møtedato	Utvalsak
Plan- og miljøutvalet		
Kommunestyret		

Planprogram for KDP Naturmangfald - 2. gongs handsaming og endeleg vedtak

Vedlegg

- 1 Framlegg til planprogram KDP Naturmangfald 2. gongs handsaming og endeleg vedtak
- 2 Politisk sak PMU 24.09.25, sak 104/25 - Oppstart av planarbeid for kommunedelplan for naturmangfald og framlegg til planprogram til 1. gongs handsaming
- 3 Innspel NVE, 13.11.2025
- 4 Innspel Mattilsynet, 26.11.2025
- 5 Innspel Statsforvaltaren, 01.12.2025
- 6 Innspel Telemark fylkeskommune, 02.12.2025
- 7 Innspel Brattefjell-Vindeggen villrein- og utmarksutval, 11.12.2025

Dokument i saka

Bakgrunn

Framlegg til planprogram for kommunedelplan for naturmangfald var oppe til 1. gongs handsaming i plan- og miljøutvalet 24.09.2025, sak 104/25. Vedtaket vart fylgjande:

Vedtak

Framlegg til planprogram for kommunedelplan for naturmangfald vert lagt ut på høyring og offentleg ettersyn i medhald av plan- og bygningslova § 4-1 og § 11-13. Det vert samstundes varsla oppstart av planarbeid for kommunedelplan for naturmangfald i medhald av plan- og bygningslova § 11-12.

Sti- og løypeplanen for Hardangervidda blir lagt inn i planprogrammet.

Planprogrammet vart justert i tråd med vedtaket og sendt på høyring og offentleg ettersyn 20.10.2025. Frist for merknader til planprogram vart sett til 01.12.2025. Brattefjell-Vindeggen villrein- og utmarksutval fekk utsett frist til 11.12.2025.

Det er kome 5 innspel til planprogrammet. Innspela er kort referert under vurdering og ligg i sin heilskap som vedlegg 3-7.

Vurdering

Uttale frå NVE, datert 13.11.25

NVE peikar på at kommunedelplan for naturmangfald må ta særleg omsyn til vassdrag og vassdragsnatur. Naturlege vegetasjonsbelte langs vassdrag er viktige for naturmangfaldet, redusert avrenning og førebyggjande for flaum-, erosjons- og skredfare, særleg i eit klima i endring. Auka utbygging og harde flater kan ha negative konsekvensar både for naturmangfald og flaumtilhøve nedstraums.

I Vinje kommune finst tre verna vassdrag: Kvenna, Klevastølåi og Rusåi, som er viktige referansevassdrag grunna høg grad av urørtheit. NVE tilrår tydeleg forankring av forvaltning av verna vassdrag i planen og konkret vurdering av verneverdiane inkludert tiltak i 100-metersbeltet langs vassdrag og behovet for differensiert forvaltning. NVE ber om å få planen tilsendt på høyring dersom den rører ved NVEs ansvarsområde.

Kommunedirektøren sin vurdering:

Regional vassforvaltningsplan for Vestfold og Telemark vassregion 2022-2027 ligg inne i planprogrammet under regionale føringar. Kommunedirektøren rår til at vassforvaltning og verna vassdraga blir lagt inn som eige punkt under tema i planarbeidet.

Uttale frå Mattilsynet, datert 26.11.25

Mattilsynet forventar at planprogrammet sikre omsyn til naturområde slik som sikrar mattilsynet sine sektorområde som planter, helse og velferd hjå fisk og dyr, matproduksjon og drikkevatn.

Mattilsynet understrekar at drikkevasskjelder er ein avgrensa og kritisk ressurs, og at det må leggjast til grunn ei føre-var-tilnærming i planlegginga. Arealbruk som kan føre til forureining, til dømes energianlegg, industriverksemd og avfalls- eller gjenvinningsanlegg, må ikkje kome i konflikt med nedbørsfelt og vassforsyningsområde. Trygg drikkevassforsyning er ein føresetnad for helse, samfunnstryggleik og eit velfungerande lokalsamfunn, og må vere godt ivareteken i kommunen sine overordna ROS-analysar.

Vidare peikar Mattilsynet på at nedbygging av viktige naturområde kan gje dårlegare levekår for fisk og dyr. Bevaring av habitat, beiteområde og trekkvegar er viktig for god dyrevelferd, og landbruk og matproduksjon må sikrast gjennom planarbeidet.

Kommunedirektøren sin vurdering:

Sikring av habitat, beiteområde og trekkvegar blir dekt under temaet villrein og vilt i planprogrammet. Nedbygging av natur er ein av truslane mot naturmangfald, og det er planlagt å greie dette ut som eige tema i kommunedelplanen. Omsynet til drikkevatn skal sikrast i reguleringsarbeid og det er ikkje naudsynt å inkludere dette som eige tema i planprogrammet. Det vil vere naturleg å kommentere drikkevatn og andre vassdrag under det nye punktet om vassforvaltning og verna vassdrag. Innspelet er teke til vitande og fylgjast opp i planarbeidet vidare.

Uttale frå Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark, datert 01.12.25

Statsforvaltaren er positiv til arbeidet med kommunedelplan for naturmangfald, og rosar kommunen for høgt ambisjonsnivå og tydeleg satsing på å fremje og bevare naturverdiar som er spesielt for kommunen. Planarbeidet bør byggje på nasjonale og internasjonale føringar, mellom anna FN's berekraftsmål og naturavtalen frå 2022 (Kunming–Montreal-avtalen), og statsforvaltaren oppmodar at Miljødirektoratet sin rettleiar for kommunedelplanar for naturmangfald blir brukt aktivt i planprosessen. Statsforvaltaren syner også til sine [tilskotsordningar](#) for miljøtiltak for å betre naturmangfald.

Statsforvaltaren understrekar behovet for å styrkje kunnskapsgrunnlaget om naturmangfaldet, mellom anna gjennom målretta og prioriterte kartleggingar av naturtypar etter gjeldande metodikk. Dei trekkjer fram rikmyr med høgt artsmangfald, kalkrike skogtypar og innslag av gamal skog med høg naturverdi. Planen bør leggje opp til jamleg oppdatering av kunnskap og ikkje berre vere eit statusbilete.

Det blir peika på at planprogrammet i større grad bør omtale handlingsdelen til kommunedelplanen, då denne er avgjerande for oppfølging av naturverdiar og for at planen skal bli aktivt brukt. Med dei viktige naturverdiane i kommunen, særleg knytt til myr, våtmark og utvalde naturtypar som slåttemark og slåttemyr, bør kommunen utarbeide ein konkret handlingsplan for skjøtsel og restaurering av desse naturtypene. Dette er i tråd med FN's tiår for naturrestaurering (2021-2030). Kommunen bør skaffe oversikt over aktuelle område for restaurering, samt areal dei sjølv forvaltar, der det er rom for tiltak som fremjar naturmangfald. Dette gjeld også område med stort restaureringspotensial, som vegkantar og grøfter med framande artar.

Når kommunen lagar mål, strategiar og konkrete tiltak i handlingsdelen er det viktig at kommunen vurderer kor kritisk det er at tiltak blir gjennomført, og kor ressurskrevjande tiltaka vil vere. Ut frå dette bør det så bli laga ei tydeleg prioriteringsliste over tiltak for oppfølging, når desse skal gjennomførast og kven som har ansvaret for dette, slik at ein får sikra ei god kontinuitet i det vidare arbeidet med naturmangfald i kommunen. Oppfølginga må forankrast i juridisk bindande planar og statsforvaltaren oppmodar om kommunedelplan for naturmangfald blir innarbeida i samfunnsdelen ved neste rullering.

Kommunedirektøren sin vurdering:

Kommunedirektøren rår til at også internasjonale føringar som er relevante for planarbeidet vert inkludert i planprogrammet. Konvensjon om biologisk mangfald 1993 og naturavtala 2022 vert difor lagt inn i framlegg til planprogram. Rettleiaren for utarbeiding av kommunedelplanar for naturmangfald skal leggjast til grunn for utarbeiding av planen. Naturverdiar i skog er eit viktig tema knytt til naturmangfald, og det er fleire spesielle skogverdiar i kommunen som bør greiast ut i ein plan for naturmangfald. Kommunedirektøren rår difor til at skog vert lagt til som eit punkt under tema i planarbeidet i planprogrammet. Villrein og vilt ligg som tema i planprogrammet og skal greiast ut i planarbeidet. Oppdatering av eksisterande kunnskap og ny kartlegging vil vere aktuelle og viktige tiltak i handlingsplan for vidare arbeid for å sikre eit oppdatert og godt kunnskapsgrunnlag knytt til naturmangfald i kommunen. Innspela knytt til handlingsplanen er teke til vitande og fylgjast opp i planarbeidet vidare.

Uttale frå Telemark fylkeskommune, datert 02.12.25

Telemark fylkeskommune står opp om arbeidet med kommunedelplan for naturmangfald og meiner planen er eit viktig verkemiddel for å fylgje opp nasjonale og regionale mål.

Planprogrammet er godt forankra i Telemarksplanen, særleg satsinga *Naturrike Telemark*, og fylkeskommunen meiner planen kan bidra til ei sosialt, økonomisk og miljømessig berekraftig utvikling.

Fylkeskommunen ber om at planprogrammet blir supplert med omtale av det pågåande revisjonsarbeidet av Regional plan for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Setesdal Austhei (Heiplanen), der villrein og leveområde er sentrale tema. Vidare peikar fylkeskommunen på at naturmangfald spelar ei viktig rolle for klimatilpassing og karbonlagring, og understrekar behovet for å ta vare på karbonrike areal som myr og sikre viktige økosystemtenester.

Fylkeskommunen ber også kommunen rette merksemda mot haustbare artar av vilt og innlandsfisk, og at kommunale mål og tilrådingar for hjorteviltforvaltninga blir lagt til grunn. Når det gjeld kulturarv, tilrår fylkeskommunen at kulturmiljø og kulturlandskap blir behandla som ein integrert del av naturmangfaldet. Det gjeld mellom anna kulturhistorisk viktige område som Møsstrond, samt landskap og naturtypar forma av tradisjonell bruk som seterdrift, slått, beiting og jakt, som er viktige både for artsmangfald, kulturmiljø og lokal identitet.

Kommunedirektøren sin vurdering:

Kommunedirektøren rår til at revisjon av Heiplanen leggjast inn i planprogrammet.

Kommunedirektøren vil også rår til å leggje inn eit punkt i planprogrammet om økosystemtenester som tema i planarbeidet, dette vil dekke karbonlagring, klimatilpassing, pollinering, jakt og fiske, rekreasjon og friluftsliv mm. Villrein og vilt ligg i planprogrammet og vert fylgd opp. Kulturarv vil vere naturleg å kommentere under temaet viktige kulturlandskap og beiteområde. Kulturarv utover dette blir utgreia i eigen temaplan for kulturmiljø som er under arbeid.

Uttale frå styret for Brattefjell-Vindeggen villrein- og utmarksutval (BV), datert 11.12.25

Styret for Brattefjell-Vindeggen villrein- og utmarksutval (BV) merkar seg at villrein og vilt er eit fokusområde. Gjennom kvalitetsnormarbeidet er det kome fram mykje kunnskap om villreinen og villreinens leveområde i Brattefjell-Vindeggen. Denne kunnskapen vil vere nyttig for planarbeidet med kommunedelplan for naturmangfald. Styret stiller seg positiv til å kunne bidra i planprosessen.

Kommunedirektøren sin vurdering:

Innspelet er teke til vitande. Villrein er eit sentralt tema som skal greiast ut i planarbeidet. Det er viktig med brei medverknad og dialog med aktuelle interessepartar knytt til ulike tema i planprosessen. Dette kjem fram av planprogrammet under kapittelet medverknad.

Planprogrammet er justert i tråd med innkomne innspel. Endringar er markert med raud tekst i framlegg til planprogram (vedlegg 1). Kommunedirektøren rår til at planprogrammet vert vedteke slik det ligg føre.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Framlegg til planprogram for kommunedelplan for naturmangfald blir vedteke i medhald av plan- og bygningslova § 11-13 slik den ligg føre.